

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Utgard Kulturhus, Lom
Dato: 22.06.2020
Tidspunkt: 16:30

Eventuelt forfall må meldes snarest til xxx. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 21/2020	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 22/2020	Referatsaker		
RS	Referat frå møte i villreinnemnda - Vår møte med kvotefastsetting, Sogn og Fjordane		2020/2324
RS	Utvikling av nettsider for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde		2018/615
RS	Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder		2020/5933
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Ulovleg dronefilming i Hurrungane og ved Galdhøpiggen - Melding til politiet om brot på verneforskrifta	X	2020/5243
RS	Ulovleg dronefilming i Hurrungane og ved Galdhøpiggen		2020/5243
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt og informasjon ved Vettisfossen - Referat frå møte 19.06.2020		2019/12439
ST 23/2020	Delegerte vedtak		
6/2020	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone for filming- Visit Sognefjord		2020/6047
7/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone - Kartlegging av apollosommerfugl - Håkon Gregersen - Forna dispensasjon		2019/8866
8/2020	Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Reparasjon av Storebrui over Ulla - DNT Oslo og Omegn		2020/6162
9/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Transport av bruer over Veslåe ved Gjendebru - DNT Oslo og Omegn		2019/13275
10/2020	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Tillatelse til teltleir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix		2020/6216
11/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Ultraløp - Jotunheimen Ultimate Challenge - utsetting frå 2020 til 2021		2020/3536
12/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 -> - Bruk av drone i samband med tamreindrift - Lom Tamrein AS		2020/4379
13/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Skuter - Tyin – Eidsbugarden – Olavsbu – Høystakkadn – Valdresflya – Bygdin - Innlandet politidistrikt og Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps		2019/5461

ST 24/2020	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein og Vågå tamrein	2020/3707
ST 25/2020	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Bruk av drone for musikkvideo Allan Walker - Galdhøpiggen - MER RECORDINGS AS v/ Mikkel Gulliksen	2020/6183
ST 26/2020	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - motorbåt - Gjendesheim - Gjendebu - storviltjakta - Øystein Nicolaisen	2020/6743
ST 27/2020	Eventuelt	

ST 21/2020 Godkjenning av protokoll/innkalling

ST 22/2020 Referatsaker

Referat frå møte i villreinnemnda - Vårmøte med kvotefastsetting, Sogn og Fjordane 2020/2324

Utvikling av nettsider for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde 2018/615

Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder 2020/5933

Jotunheimen nasjonalpark - Ulovleg dronefilming i Hurrungane og ved Galdhøpiggen - Melding til politiet om brot på verneforskrifta 2020/5243

Ulovleg dronefilming i Hurrungane og ved Galdhøpiggen 2020/5243

Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt og informasjon ved Vettisfossen - Referat frå møte 19.06.2020 2019/12439

ST 23/2020 Delegerte vedtak

6/2020 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2020 -Bruk av drone for filming- Visit Sognefjord 2020/6047

7/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone - Kartlegging av apollosommerfugl - Håkon Gregersen - Fornya dispensasjon 2019/8866

8/2020 Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Reparasjon av Storebrui over Utle - DNT Oslo og Omegn 2020/6162

9/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Transport av bruer over Vesl e ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn 2019/13275

10/2020 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Tillatelse til telteir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix 2020/6216

11/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Ultral p - Jotunheimen Ultimate Challenge - utsetting fr  2020 til 2021 2020/3536

12/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 -> - Bruk av drone i samband med tamreindrift - Lom Tamrein AS 2020/4379

13/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Skuter - Tyn - Eidsbugarden - Olavsbu - H ystakkadn - Valdresflya - Bygdin - Innlandet politidistrikt og Grindaheim R de Kors Hjelpekorps 2019/5461

Arkivsaksnummer: 2020/3707-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 19.03.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	24/2020	22.06.2020

Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, løyve til oppføring av ei felles gjetarbu sørvest for Gjendetunga for Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS. Nasjonalparkstyret ser at det har oppstått eit særleg behov for å styrke arbeidet med tilsyn i området for å førebygge spreiding av CWD mellom ulike reinbestandar.

Vilkår for løyvet:

1. Detaljert plassering av gjetarbua blir avgjort ved synfaring, der ein av forvaltarane kan representere nasjonalparkstyret. Leiaren av nasjonalparkstyret og styremedlem frå Lom blir invitert til synfaringa, og vurderer sjølve om dei har høve til å delta.
2. Arealet på gjetarhytta er avgrensa til 15 m². I tillegg kan det byggast utedo inntil 2 m².
3. Gjetarhytta skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk, med farge og materialval for at ho skal gå mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Hytta skal ha saltak med takvinkel 22-30°.Fargen skal vera naturfarge i den mørke og varme delen av fargeskalaen. Takmateriale kan vera torv, skifer, tre eller takplater med mørk og matt overflate. Byggeteikning skal sendast nasjonalparkstyret og godkjennast av forvaltar, samtidig med at byggesøknad blir sendt til kommunen.
4. Tamreinlaga er ansvarlege for vedlikehald og drift av gjeterhytta. Dersom drifta blir avvikla eller lagt om slik at det ikkje lenger er behov for bua, skal beitelaget demontere og fjerne alle spor av hytta – jf. vilkår i standard skjema for utvisingsforretning for gjetarbu frå Statskog.
5. Dersom spørsmål om bruksendring likevel skulle koma opp, vil dette krevje ei ny og sjølvstendig vurdering av løyve etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. i).
6. Etter bygging skal alle bygningsmaterialar som er til overs ryddast og transporterast bort frå området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Frådeling og bygging krev også løyve frå Lom kommune som myndigheit etter plan- og bygningslova.

Det må søkjast om dispensasjon for motorisert transport i samband med byggeprosessen. Tarnsportplan som viser planlagt gjennomføring skal leggjast fram for nasjonalparkstyret og kommunen i god tid.

Dokument i saka

- Søknad frå Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS
- Sak 06/2020, Lom Fjellstyre. Søknad om løyve til gjetarbu på Gjendetunga
- Statskog, brev av 19.03.2020 - 20/1865-3 Leir- og Bøverdalen sa - Grunneiers tillatelse til oppføring av gjetarbu på Gjendetunga
- Brev av 02.03.15 frå KLD, retningslinjer for presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48
- Arealdel til kommuneplanen for Lom kommune

Tidlegare sak om gjetarbu innan nasjonalparken:

- Sak 11/2017 og 21/2017 i nasjonalparkstyret - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Oppføring av gjetarhytte i Rusdalen - Rusdalen Beitelag
- Brev av 31.01.2018 frå Miljødirektoratet - Avgjerd i klagesak – løyve til gjetarhytte i Jotunheimen nasjonalpark

Saksopplysningar

Søknad frå Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS har følgjande ordlyd:

«Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS driv tradisjonell reindrift i fjellområda i kvar si kommune. Både tamreinlaga nyttar området vest for Gjende som beite for reinen. Dette er både i Lom og Vågå kommune samt at tamreinlaga leiger beite av Vang Fjellstyre. På sumarstid foregår all gjeting til fots, og på vinteren blir det nytta snøscooter.

Området vest for Gjende grensar både mot Fram reinlag sitt beiteområde og mot Vestjotunheimen villreinområde. Det er viktig å unngå blanding av rein mellom flokkane og det er svært viktig at tamrein ikkje kjem inn i villreinområde. Særleg etter at det vart påvist CWD i Nordfjella har det vorte auka fokus på unngå blanding av forskjellige reinsflokkar for redusere risiko for spredning av sjukdommen. Det er viktig for tamreinlaga å halde reinen i dei områda den har lov til væra for å unngå konflikter med dei forskjellige rettighetshavarne og oppretthalde legitimiteten til tamreindriften i Sør-Noreg. Dette krev intensiv gjeting av reinen i eit område som er langt av lei og med mykje vanskeleg terreng. I dag nyttar tamreinlaga lavo som blir sett opp på Gjendetunga kvar sumar.

Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS søkjer derfor om å få oppføre ei felles gjetarbu på Gjendetunga. Ei gjetarbu på Gjendetunga vil gjere reinsgjetinga i område vest for Gjende betrakteleg enklare. Både Lom og Vågå Tamreinlag ser stort behov for ei gjetarbu på Gjendetunga.

Gjetarbua er tenkt oppført i tradisjonell byggjestil og beisast i nøytral farge og med ein frittstående kombinert utedo/ vedlager. Bua skal ha enkel standard. Størrelsen på bua vil bli ca 30 m². Plasseringa vi har sett ut ligg eit stykkje frå stigar som går i området. Vi ser for oss å fundamentere bua på ein slik måte at den kan rivast utan at det blir synlege spor i naturen dersom det ikkje lenger vil være behov for bua. Fjellstyre vil få tilgang til bua slik at oppsyn kan nytte bua ved behov.»

Kartskisse vedlagt søknaden viser plasseringa med raudt punkt:

«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 1.3. i) gi løyve til:

i) Bruksendring av eksisterande bygningar.

§ 3 pkt. 7.1 set forbod mot ureining, og gjev heimel for å stille krav om rydding av byggeplass.


Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Gjendetunga ligg i teig 5, brukssone med store kvalitetar som skal ivaretakast:

«Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

«Overordna strategi for sona:

Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). - - -»



«Teig 5: Olavsbu-/Mjølkedalsbre-området Teigen omfattar området mellom Gravdalen, nasjonalparkgrensa, Uranosbreen, Veslådalen og Storådalen. Den sjølvbetjente DNT-hytta Olavsbu ligg sentralt i området. Dei mest nytta turrutene går gjennom Rauddalen (Gjendebu, Olavsbu, Skogadalsbøen) og frå Eidsbugarden til Olavsbu. Det er relativt mykje vegetasjonsslitasje langs turruta frå Olavsbu mot Grisletjern (Gjendebu). Teigen utgjer store delar av dei sentrale stroka i verneområda.»

Det er ikkje gjevne særskilde føringar for bygningar innan teig 5, men utkastet har følgjande retningslinjer i kap. 8.1 – Landbruk og kap. 8.2 – Turisthytter og andre hytter, buer og naust:

8.1: «Landbrukstiltak som fremjar verneformålet, m.a. ivaretaking av kulturlandskapet, vil få positiv handsaming. Nye konstruksjonar i samband med landbruksdrift vil bli vurdert i kvart enkelt høve. Løyve til nye byggverk i område der det ikkje er slike frå før vil som hovudregel ikkje bli gjevne.»

8.2: «Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjevne løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjevne løyve til. Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vera oppfylt.

Formålet med vern av nasjonalparken er «- - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - -
- *Leveområde for villreinen*
- - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.» (utdrag av § 1 i verneforskrifta)

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet. Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Brev av 02.03.15 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) gjev retningslinjer for presedens i byggesaker med dispensasjonsvurdering etter naturmangfaldlova § 48, jf. utdrag:

«Presedensvurderingen bør være så konkret som mulig. Presedensfaren skal være reell og ikke hypotetisk. En konkret presedensvurdering vil bidra til likebehandling og ivareta hensynet til rimelighet. Dette vil øke forståelsen for verneforvaltningen.

Vurderingen av presedensvirkninger knytter seg for det første til sannsynligheten for at lignende tiltak vil fremmes i fremtiden. Dette avhenger primært av antall saker hvor likebehandling tilsier at dispensasjon vil måtte gis. Sannsynligheten varierer på en skala fra lite sannsynlig til svært sannsynlig. For det andre knytter vurderingen seg til konsekvensene for verneområdet av at de lignende sakene får samme utfall. Disse konsekvensene varierer på en skala fra lite alvorlige til svært alvorlige

Momenter ved vurdering av sannsynlighet for at et vedtak vil skape presedens vil blant annet kunne være hvor mange andre hytter det er i verneområdet som vil kunne søke om samme tiltak, om det er spesielle forhold knyttet til saken som tilsier at den kan særbehandles og om tiltakstypen er behandlet i forvaltningsplan med klar avgrensning av hva som kan tillates.

Momenter ved vurdering av hvilke konsekvenser det kan få om vedtaket danner presedens, vil blant annet kunne omfatte hva slags vernekategori det er tale om (det vil gjennomgående være mer alvorlige konsekvenser ved økt bygningsmasse i nasjonalparker enn i landskapsvernområder), hva slags verneformål det er tale om (i noen områder er verneformålet knyttet til å bevare urørte og villmarkspregede områder) og hvor stort / omfattende tiltaket er.

- - -

«Hvis søker har spesielle behov for å gjennomføre tiltaket, kan dette skille saken fra andre lignende saker og dermed redusere faren for presedensvirkninger.»

Spørsmål om presedens i høve til nye gjetarbuer med dispensasjon i medhald av nml § 48 var vurdert i sak 21/2017, dispensasjon for oppføring av ei gjetarbu for Russdalen beitelag.

Denne saka var gjennom både klagebehandling og ny vurdering i Miljødirektoratet, etter at nasjonalparkstyret hadde teke saka opp med Klima- og miljødepartementet i eit møte hausten 2017. I den endelege vedtaket i brev av 31.01.2018 frå Miljødirektoratet - *Avgjerd i klagesak – løyve til gjeterhytte i Jotunheimen nasjonalpark* – vart det på visse vilkår gjeve løyve til oppføring av ei gjetarbu med storleik 15 m². Det blir vurdert at spørsmålet om storleik her også er retningsgjevande for seinare saker, slik at det vil vera vanskeleg å opne for ein vesentleg auke i storleik.

Ein såg på det tidspunktet ikkje for seg at det skulle oppstå behov for fleire gjetarhytter innan verneområdet, men situasjonen med CWD-sjukdom på rein har kome til i etterkant. Dette tilseier at søkjarane *«har spesielle behov for å gjennomføre tiltaket»* og at dette kan *«skille saken fra andre lignende saker og dermed redusere faren for presedensvirkninger.»* Jf. retningslinjer i brev av 02.03.15 frå KLD.

Vurdering

Forskrifta har ikkje spesifisert unntaksregel for nybygg til landbruksformål på lokalitetar der det ikkje er noko husvære frå før, og søknaden må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering § 48 i naturmangfaldlova. § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon berre dersom tiltaket *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*.

Det kan synast som ein glipp under revisjonen av forskrifta at ikkje nødvendige tiltak knytt til landsbruksverksemd er nemnd som tiltak forvaltningsstyresmakta *kan* gje løyve til, på linje med nybygg for reiselivet, jf. dei opplista tiltaka i forskrifta § 3 pkt. 1.3. Mykje har også endra seg på dei 13 åra som har gått etter høyringsprosessen for revisjon av forskrifta i 2003-2007. Overordna føringar frå sentrale styremakter har i denne perioden endra seg i retning av å leggje meir vekt på næringsutvikling og verdiskaping i verneområda, men samstundes ta omsyn til verneverdiane. Verneområdestyra har fått myndigheit til å stå for skjønnsutøving i samband med dispensasjonsbehandling, når dei grunnleggjande vilkåra er oppfylt.

Dette spørsmålet vart vurdert slik i Miljødirektoratet sitt brev av 31.01.2018 - *Avgjerd i klagesak – løyve til gjeterhytte i Jotunheimen nasjonalpark* (omgjering av tidlegare avslag):

Miljødirektoratet har vurdert saka i høve til naturmangfaldloven § 48 på nytt. I vurderinga har vi lagt vekt på verknaden ei slik bu vil ha på verneverdiane og verneformålet og den samla effekten av noverande, framtidige og tidlegare bruk, jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 10. I saksframlegget for løyvet er det lagt til grunn at det ikkje vil kome fleire liknande saker i framtida. Ut frå dette, synes det ikkje å vere fare for presedens for seinare søknader om tilsynsbu i dette området. I området er det i dag lite aktivitet, men det er noko ferdsel der via merka turruter. Tiltaket vil ikkje skape auka aktivitet i området ut over sjølve byggeprosessen og ferdsel i samband med bruken, jf. naturmangfaldlova § 10. Dei negative effektane er fyrst og fremst knytt til at landskapet blir noko endra med ei ny bu på staden. Det er ingen andre kjente negative konsekvensar for naturmangfaldet.

Utkastet til forvaltningsplan er ikkje ein endeleg, men samstundes relevant for vurderinga av verneverdiane og tilhøva på staden. Miljødirektoratet har sett hen til denne, men finn ikkje at den kan ha avgjerande vekt i saka her.

Det føreligg etter Miljødirektoratet sin syn spesielle forhold i saka som vi har valt å leggje meir vekt på i den ny vurderinga. Verneforskrifta gir forvaltningstyresmakta heimel for å gi løyve til oppføring av bygningar etter fjellova § 35. Det kan synast som ein glipp under revisjonen av forskrifta at nødvendige tiltak knytt til landsbruksverksemd ikkje er tiltak forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til, på linje med bygningar etter fjellova § 35 og nybygg for reiselivet. Miljødirektoratet legg vekt på dette momentet i denne nye handsaminga av saka og legg til grunn at det ikkje har vore meininga at det ikkje skal vere høve til å gi løyve til slike tiltak når sterke landbruksinteresser taler for det. I fleire nasjonalparkar er det høve til å gi løyve til gjeterbuer når det er eit særskilt behov.

Tatt i betraktning denne tolkinga meiner vi eit løyve ikkje vil utvide ramma for verksemd i verneområdet som er trekt opp i vernevedtaket gjennom verneforskrifta og at det difor er mogleg å nytte naturmangfaldlova § 48 i denne saka.

Etter ei ny vurdering finn Miljødirektoratet at tilsynsbua ikkje vil vere i strid med verneformålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, jf. naturmangfaldlova § 48. Det vert vektlagt at dette er eit tiltak som det tidlegare var opna for i nasjonalparken og at ei slik avgrensa bu knytt til landbruksverksemd vert vurdert som akseptabel, dvs. at den ikkje påverkare verneverdiane nemneverdig. Det er ei føresetnad at bua vert utforma på ei slik måte at den blir minst mogleg synleg i terrenget og at den skal fjernast ved opphør av verksemda.

Ei omgjerung av vedtaket krev eit eige heimelsgrunnlag. Etter forvaltningslova § 35 første ledd bokstav a) kan eit forvaltningsorgan omgjere sitt eget vedtak utan at det er påklaga dersom endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser.

Miljødirektoratet legg til grunn at ei endring av vedtaket ikkje er til skade for nokon som vedtaket retter seg mot eller tilgodeser direkte og at det såleis er høve til omgjerung.»

På grunnlag av dei nye vurderingane endra Miljødirektoratet sitt eige vedtak 30. juni 2017 og gav ved ny behandling 31.01.2018 løyve til oppføring av gjeterbu i Russdalen på same vilkår som nasjonalparkstyret la til grunn ved første behandling.

Når det gjaldt arealet på gjetarhytta vart det i endringsvedtaket understreka at «maksimal storleik på gjeterbua skal vere 15 m²».

Som det går fram av behandlinga av saka om gjetarbu i Russdalen blir det lagt stor vekt på storleiken og det er tydeleg presisert at bua ikkje skal vera større enn 15 m². Dette tilseier at storleiken må avgrensast for å skape minst mogleg inngrep i landskapet. Det er søkt om 30 m², men i samtale med styreleiar i Lom Tamrein AS går det fram at også ei mindre bu vil vera svært tenleg for reinsgjetarane.

I sak 21/2017 om gjetarbu i Russdalen vurderte nasjonalparkstyret presedensverkanden, og ein kunne da ikkje sjå at det ville koma fleire tilsvarande søknader, jf. saksvurderinga som konkluderer med at andre beitelag med areal innan verneområdet allereie har tilsynsbu, eller like gjerne kan lokalisere ei slik utanfor vernegrensa. Etter dette har det oppstått ein heilt ny situasjon med endra behov for gjeting for å hindre spreiding av CWD-sjukdom på hjortedyr. Denne søknaden blir derfor behandla ut ifrå den gjeldande situasjonen.

Dei store avstandane i beiteområdet og auka behov for tilsyn for å hindre spreiding av CWD-sjukdom mellom reinbestandar gjev grunnlag for å vurdere ei gjetarbu sentralt i verneområdet. Behandlinga i fjellstyret har stadfesta at behovet blir vurdert å vera til stades, og styret må vurdere om tiltaket kan vera i strid med verneformålet eller gå ut over verneverdiane i nasjonalparken – jf. § 48 i naturmangfaldlova. Ei lita bu utforma i tråd med føringar gjevne i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 vil ikkje visast som noko skjemmande element i landskapet, men krev streng vurdering etter naturmangfaldlova og vurdering av presedens.

Det er førebels ikkje lagt fram byggeteikning, men ein føreset at utforming følgjer både krav i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 og estetiske føringar gjevne i arealdel til kommuneplan for Lom:

«Estetiske omsyn § 20-4 2. ledd bokstav b

Nybygg og tilbygg/påbygg skal tilpasse seg landskap og eksisterande bygg på god måte. Dvs. innordne seg terreng, vegetasjon og tomtestruktur, og til eksisterande bygg rundt når det gjeld volum, form, materialar og farge. Bygningar skal som hovedregel ha saltak med takvinkel 22-34 °. Fargar skal liggje i den mørke og varme del av fargeskalaen. - - - »

Føresegnene gjev nokså romslege reglar for takvinkel, men i nasjonalparken bør ein følgje byggeskikk som tradisjonelt har vore nytta i fjellet. Takvinkel bør derfor ikkje vera over 30°.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- § 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Det er relativt god kunnskap om området, og saka gjeld ei ny hytte i eit område med noko

ferdsel via merka turruter. Tiltaket vil ikkje skape auka aktivitet ut over sjølve byggeprosessen, og vil ikkje gje negative konsekvensar for naturmangfaldet.

- § 9 Føre-var prinsippet:
Ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg belastning på naturmiljøet.
- § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:
Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til nybygg, og ein bør leggje seg på same nivå som andre gjetarbuer på storleiken, for å unngå etablering av praksis med større bygningar enn strengt nødvendig. Ein kan ikkje sjå at det vil koma fleire liknande saker som gjev stor samla belastning, da tiltaket er knytt til eksisterande tamreindrift, og har krav om fjerning dersom bruken opphøyrer.
- § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:
Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:
Ein kjem attende til dette spørsmålet ved behandling av søknad om motorisert transport i samband med gjennomføring av tiltaket.

Det må setjast vilkår om at bua må fjernast dersom tamreinselskapa blir oppløyst og/eller det ikkje vil vera behov for bua lenger. Dette inngår også i vilkår i standard skjema til Statskog (utvisingsforretning gjetarbu). Dersom spørsmål om bruksendring likevel skulle koma opp, vil dette krevje ei ny og sjølvstendig vurdering av løyve etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. i).

Gjetarane i Lom og Vågå har vore svært løysningsorienterte når det gjeld å tilpasse drifta til reiselivet i området, og dei har vist at det går an å drive ei arealkrevjande næring i eit område med mykje fritidsturisme. Reindrifta gjev unike opplevingar for folk som får høve til å sjå rein, og mange av bedriftene i og rundt nasjonalparken har kortreist reinskjøtt på menyen. Næringa utgjer viktige arbeidsplassar og store positive ringverknader for næringslivet i lokalsamfunna. Eit inngrep i form av ei lita bu med god tilpassing til landskapet blir vurdert å ha små negative konsekvensar samalikna med dei store fordelane den vil ha for reindriftnæringa.

Med heimel i forskrifta § 3 pkt. 7.1 – *Forbod mot ureining* – må det stillast krav om rydding av byggeplassen i samband med ferdigstilling av gjetarhytta.

Søknaden skal også behandlast av Lom kommune, som forvaltningsstyresmakt etter plan- og bygningslova, forureiningslova og motorferdsellova. Motorferdslova kan også krevje behandling av nabokommunar som får transport innan sine grenser. I samband med byggeprosessen må det lagast ein transportplan med tanke på god utnytting av kapasitet for å minimere omfanget av motorferdsel og tilpassing av transporten i tid for å gje minst mogleg ulemper i høve til naturmiljø og andre brukarinteresser

Arkivsaksnummer: 2020/6183-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.06.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	25/2020	22.06.2020

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Bruk av drone for musikkvideo Allan Walker - Galdhøpiggen - MER RECORDINGS AS v/ Mikkel Gulliksen

Innstilling fra forvalter

Med hjemmel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, § 3 pkt 7.3, avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknad fra MER RECORDINGS AS v/ Mikkel Gulliksen om dispensasjon for bruk av drone til filming på Galdhøpiggen i forbindelse med musikkvideo for Allan Walker.

Med henvisning til føre-var-prinsippet og hensynet til økosystemtilnærming og samla belastning blir det ikke gitt dispensasjon for dronofilmning for musikkvideoer og lignende produksjoner der naturbilder brukes som kulisser, da dette vil skape uheldig presedens for seinere saker. Det må påregnes flere lignende søknader dersom en først åpner opp for denne typen filming i nasjonalparken.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad fra MER Recordings AS ved e-post av 26.05.20 om bruk av drone i forbindelse med filmopptak til musikkvideo på Galdhøpiggen.
- Foreløpig svar av 27.05.20 om behandling av søknaden

Saksopplysninger

Søknaden har følgende ordlyd:

«SØKNAD OM DRONEFLYGNING PÅ GALDHØPIGGEN

I forbindelse med filmopptak til musikkvideo for artisten, Alan Walker, søker vi ved dette om dispensasjon til droneflygning på Galdhøpiggen, én dag i juni 2020.

Alan Walker er en av verdens største artister, og hans historiedrevne videoer blir sett av hundretalls millioner i året. På YouTube er han på 10. plass av alle artister i verden med flest abonnenter. Her har han over 34 millioner følgere. Over 45 millioner i sosiale medier generelt, og med låter som er spilt over 60 milliarder ganger. Dette gir en unik eksponering på verdensbasis og en nydelig fremstilling av Norges storslåtte natur. Vi søker derfor om

dispensasjon for et prosjekt som vil gi god markedsføring for reiselivet.

Bare i løpet av siste året har vi fått tillatelser til filming/droneflygning i normalt utilgjengelige områder rundt i verden grunnet den enorme eksponeringen disse videoene gir, og de gode ringvirkningene av dette. Blant annet Angkor Wat i Kambodsja, Son Doong Cave (UNESCO) i Vietnam, Nasjonalparker i Bosnia og lokasjoner i Frankrike, også på UNESCOs liste over verdensarv.

Scenen som ønskes spilt inn går ut på at «Lily», en karakter fra Walker-universet, kikker utover det mektige landskapet. Dette vil være en «enkel» scene, men svært viktig for historien. Her spiller også hytten på toppen en viktig rolle med sine grafiske linjer som er perfekt for profilen.

Praktisk info om gjennomføring:

Opptakene ønskes gjennomført i uke 24, men søker om én dag i juni grunnet usikkerhet rundt vær/vind for opptaket. Vi har god dialog med Juvasshytta, og vil være et crew på 8 personer inkludert skuespiller. Vi vil gå opp/ned med utstyr, og søker derfor ikke om dispensasjon til motorferdsel.

Motion Air vil gjennomføre droneopptakene, og vil hovedsakelig være oversiktsbilder med vår skuespiller på toppen. Dronepilotene har RO3-sertifisering, og jobber normalt med profesjonell flygning. I en spesiell tid med Korona har det tatt noe tid for oppstart av prosjektet, og håper derfor det er mulig å gi et raskt svar på søknaden.»

Link til noen av de siste videoene:

Alan Walker – Alone (Vietnam)

<https://www.youtube.com/watch?v=HhjHYkPQ8F0>

Alan Walker – Heading Home (Kambodsja)

https://www.youtube.com/watch?v=mfSU_XwEnZA

Hans Zimmer x Alan Walker – Time (sluppet forrige uke)

<https://www.youtube.com/watch?v=axRAL0BXNvw>

Søker er i en telefonsamtale den 22. april orientert om at filming til reklameformål o.l. ikke er innenfor etablert forvaltningspraksis, da det vil skape uheldig presedens ved at det da må påregnes mange lignende søknader med forventning om lik behandling. En søknad ville dermed fått avslag ved administrativ behandling som kan skje i tråd med etablert praksis.

Søker ønsket å få en behandling av søknaden i nasjonalparkstyret, for en vurdering av den store markedsføringseffekten en kan oppnå gjennom promotering av området av en verdensartist. Søker ble da orientert om at det må søkes i god tid før planlagt gjennomføring. Søknaden kom den 26. mai, og søker ble i foreløpig svar av 27.05.20 orientert om at neste møte i nasjonalparkstyret er 22. juni; dvs. etter den ønskede gjennomføring i uke 24.

Hjemmelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av vedtekter gjeldende fra 01.01.20. Styret har i møte 11.05.16 delegert nærmere definerte saker til arbeidsutvalget og nasjonalparkforvalter.

Verneformål – forskrift


Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14 har forbud mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken (§ 3 pkt. 7.3 om støy). Det er tolka at «og liknande» omfatter droner. Det er ikke spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og søknad om

dispensasjon må derfor behandles etter den generelle dispensasjonshjemmelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfoldlova § 48.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet fra 2008 gir ikke føringer for bruk av droner, ettersom det var en lite utbredt teknologi da planen ble utarbeidet. Regler for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014. Forvaltningsplanen deler inn verneområdet i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tas det sikte på å bevare områdene markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mulig uforstyrret. Sonene gjelder både for tekniske inngrep og ulike aktiviteter, for eksempel bruk av droner.

Galdhøpiggen ligger i brukssone forvaltningsplanen – jf. kartutsnitt som viser sonedelinga:



Brukszonene har slik omtale i forvaltningsplanutkastet:

«Det er store naturkvaliteter i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må være oppfylt. Dispensasjon må heller ikke gis om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksjer fra overordna myndigheter spiller også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikke brukes for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uforutsatte eller spesielle tilfeller som ikke var vurdert på vernetidspunktet.

Formålet med vern av nasjonalparken er «- - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som

innehold særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- ---
- ---

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Alle dispensasjoner skal også vurderes etter prinsippene i naturmangfoldlovas §§ 8-12.

Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikke kan brukes for å utvide rammene gitt i vernevedtaket, så det er svært viktig å vurdere presedensvirkningen nøye.

Likebehandlingsprinsippet gjør at det er ganske vanskelig å sortere mellom de mange aktørane som ønsker å filme innen nasjonalparken. Det er siste åra behandla mange dronesøknader i Jotunheimen. Det er i tidligere saker åpnet for begrensa bruk av drone for nytteformål; f.eks. ulike typer dokumentasjon. I området rundt Galdhøpiggen er det også gitt enkelte tillatelser med formål felles markedsføring i regi av reiselivsselskapene, og til noen TV-programmer som formidler friluftaktiviteter (NRK – Monsen på tur, TV2 – 71 grader nord og Gutta på tur). Det er i disse sakene vektlagt at de aktuelle områdene tåler markedsføringa som dronefilmene bidrar til, og det er satt tydelig skille mellom de sårbare grønne sonene og de mer robuste områdene vist med gult i forvaltningsplanen. I grønne soner er det ikke ønskelig med promotering som kan bidra til økt ferdsel, og her får de aller fleste avslag. Også innen gule soner blir det gjort konkrete vurderinger knytta til verneverdier, som f.eks. forekomst av rovfugl eller villrein.

Galdhøpiggen ligger i gul «brukssone» der en del dronesøknader er blitt innvilget, der det er vurdert at verken sjølve filminga eller effekten av å markedsføre området har blitt vurdert å komme i konflikt med vernet. Men også her er det viktig å unngå at det på sikt blir så mange unntak at det uthuler forbudet. Private turfilmer og reklamefilmer har fått avslag i alle soner.

Vurdering

Det er positivt at produksjonen er planlagt uten bruk av motorisert transport, slik at søknaden er avgrensa til dronefilming. Bruk av droner har imidlertid blitt svært populært, og en har etablert en dispensasjonspraksis der dronebruk avgrensas til kartlegging/dokumentasjon og tiltak med stor nytteverdi eller som er av stor allmenn interesse. Av tidligere dispensasjoner i området rundt Galdhøpiggen har denne søknaden en del fellestrekk med TV-produksjoner som f.eks. Gutta på tur og 71 grader nord. Også i de sakene ble positiv markedsføring av området sett på som en grunn for å gi dispensasjon. Forskjellen er at TV-programmene formidlet turopplevelser som viser det enkle friluftslivet i nasjonalparken, mens søknaden om musikkvideo for Allan Walker ikke har annen tilknytning enn å få en visuelt flott bakgrunn.

Elektriske droner har lavt støynivå, men blir av mange likevel oppfattet som forstyrrende elementer i naturen. Sett opp mot siste ledd i formålsparagrafen i verneforskrifta, om at «Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving» blir det lagt vekt på at enkelte føler at omfattende bruk av droner virker forstyrrende og redusere opplevelsen av å være i en nasjonalpark. Indirekte vil også filmer som promoterer verneområdene overfor nye brukere kunne gi negativ effekt, ved at sårbare områder og arter blir utsatt for forstyrring i form av økt ferdsel og aktivitet gjennom stadig større deler av året. Galdhøpiggen er i utgangspunktet et ganske traffikert turområde, så forventningen om å oppleve stillhet og ro er trolig mindre her enn i mindre kjente områder av nasjonalparken.

Det å åpne for dronefilming til f.eks. musikkvideoer kan skape uheldig presedens, da det må påregnes å være ganske mange som kunne ønske å ha vakre bilder og filmsekvenser fra nasjonalparken som bakgrunn/kulisse i musikkvideoer. Nå er denne aktuelle artisten et stort internasjonalt navn, slik at en kan kanskje si at markedsføringseffekten i dette tilfellet kan ha ekstra stor verdi for reiselivet i området. Men det er vil være en bortimot umulig øvelse for forvalterne å skulle sortere mellom hvilke artister som eventuelt kan slippe til. Det vil ut fra likebehandlingsprinsippet bli vanskelig avslå søknader om musikkvideoer fra andre, og kanskje mindre kjente, artister senere. Dette kan på sikt medføre en uthuling av punktet i vernereglene som setter forbud mot bruk av drone i nasjonalparken.

Dersom styret mener at internasjonal markedsføring har en så stor verdi at artister som Allan Walker og andre internasjonale navn skal kunne bruke naturen i Jotunheimen som bakgrunn, må begrunnelsen for å åpne for denne typen produksjoner i den gule sonen rundt Galdhøpiggen og andre kjente turistmål vurderes svært nøye.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfoldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt når det gjeld biologisk mangfold i området. Et enkelt tilfelle med dronefilming har isolert ikke negative effekter på verneverdiene, da dette området allerede er preget av aktivitet og stor ferdsel knyttet til høyeste toppen i Norge. Ut fra *førevær-prinsippet (§ 9)* og *økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)* er det likevel vanskelig å gi enkelttillatelser der en ser at det trolig vil komme mange søknader av lignende karakter. Dette vil uthule innholdet av verneforskrifta, som kommuniserer et tydelig forbud. Bruken av droner for filming i nasjonalparken bør avgrenses til tiltak av stor allmenn interesse og tiltak der nytteverdien blir vurdert som større enn mulige ulemper. Naturmangfoldlovas §§ 11 og 12 blir ikke vurdert som relevante.

Konklusjon

Ut ifra ei samla vurdering er det vanskelig å anbefale dispensasjon i dette tilfellet. En dag med dronefilming på Galdhøpiggen vil ikke gå ut over verneverdiene så lenge det taks tilstrekkelig hensyn til turfolk som befinner seg i området, men det kan være i konflikt med verneformålet pga presedensvirkning. Det blir vektlagt at § 48 ikke kan brukes på en måte som utvider rammene gitt i verneforskrifta. Dersom en ser for seg flere lignende saker, vil en dispensasjon i dette tilfellet kunne uthule regelen i forskriftas § 3 pkt. 7.3.

Dersom styret derimot mener at det er mulig å bruke politisk skjønn for å velge ut enkelte dronefilmprosjekter ut fra markedsføringsverdi, må en ha en begrunnelse som viser hvilke typer produksjoner som kan vurderes for dispensasjon i de gule sonene innen verneområdet.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2020/6743-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 11.06.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	26/2020	22.06.2020

Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - motorbåt - Gjendesheim - Gjendebu - storviltjakta - Øystein Nicolaisen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret viser til verneforskriftas § 3 pkt. 6.2.g) som opnar for bruk av båt inntil 10 hk på Gjende i samband med utøving av storviltjakt.

Verneforskrifta vart endra 14.11.14, etter ein omfattande høyringsprosess, og det vil skape uheldig presedens og utholing av verneforskrifta dersom ein først startar å gje dispensasjonar frå denne regelen.

Søknad om bruk av større motor blir avslått.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad ved e-post av 10. juni 2020 frå Arve Nørjordet, på vegne av Øystein Nicolaisen

Saksopplysningar

Nicolaisen har sendt følgjande søknad om bruk av større båtmotor på Gjende

SØKNAD OM LØYVE TIL KJØRING MED BÅT PÅ GJENDE UNDER STORVILTJAKTA 1.9. – 31 10. 2020.

Eg er leiar for eit 6 – manns jaktlag, som har fått tildelt storviltjakta i valdet ved Gjendebu og omegn. I tillegg er det med 2 stk 16-åringar/rekruttar på opplæring delar av jakta. (Båe desse har gjennomgått jegerkurs, og har bestått prøva.)

Valdet ligg uvegsomt til, og det er lite hensiktsmessig å gå ca 2 mil. Det er naturleg å ha ein base ved Gjendebu. Det blir da inntil 8 personar, med lavoo, mat for ei veke om gongen, og anna utstyr. Det er vel og von om å frakte ut hjortekjøtt. Vidare må jegarane ut om morgonen, til dels nokså langt, og da må det vera mogleg å bruke båt når det ligg til rette for det.

Ein medlem i jaktlaget, Stig Morten Moen, har snekke med innanbordsmotor. Denne er såpass stor at den tek 7-8 personar. 16-17 fot, reg nr CA 0603. Det kan vera enno større

sikkerheit å kjøre ein ekstra tur med utstyret. I høve til ei lita open snekke med utanbordsmotor, er dette ein mykje sikrare transport.

På vegne av jaktlaget, søkjer eg om løyve til å nytte nemnde båt under jakta, på strekninga Gjendesheim – Gjendebu.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av vedtekter gjeldene fra 01.01.2020. Styret har i møte 11.05.16 delegert nærmere definerte saker til arbeidsutvalget og nasjonalparkforvalter.

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta § 3 pkt. 6.1 set generelt forbod mot motorferdsel.

Pkt. 6.2 listar opp formål med unntak frå forbodet, der pkt. g) omhandlar motorbåtbruk knytt til storviltjakt

«- - -

g) Bruk av båt med motor på inntil 10 hk på Gjende ved utøving av fiskerett og i samband med storviltjakt.

- - -

Maksimal tillaten hastigheit med motorbåt på Gjende, Russvatnet og Bessvatnet etter f), g), h), i) og j) er 8 knop.»

Unntak frå fastsett motorstorleik på 10 hk er ikkje blant unntaka i verneforskriftas § 3 pkt. 6.3, og må derfor behandlast etter den generelle heimelen i § 4, dvs. naturmangfaldlovas § 48,

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkast frå 2008, kap. 8.15.3 – *Motorbåt på Gjende*, legg til grunn at det skal vera ei restriktiv linje for bruk av motorbåt på Gjende.

«8.15.3 Motorbåtar på Gjende

Etter ny verneforskrift for nasjonalparken er det gjeve løyve til auke i motorstorleik frå 6 til 10 hk for båtar på Gjende, fordi sterk straum og vind kan gjere bruk av båt på Gjende utrygg frå tid til annan. Det vil vere svært uheldig med hurtig småbåttrafikk på Gjende, som på Russvatnet og Bessvatnet. Dette er bakgrunn for maks. hastigheit på 8 knop, ei avgrensing som er i tråd med kva som er vanleg elles og som er kring maks. fart for ikkje planande båtar. Det er derfor ønskjeleg at kommunen og fastset same fartsavgrensing for den delen av Gjende som er utanom nasjonalparken. Når det vert vist til den bruksrett bygdefolk i Vågå og Lom har i områda, gjeld dette bruksrett knytt til beiting, og til storviltjakt.»

Kap. 8.15.5 *Dispensasjonspraksis* gjev følgjande retningslinjer som er relevante for saka:

i) landing med og transport av personar i verneområda er forbode. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve. Det same gjeld transport av mat, proviant og utstyr i samband med fjellturar.

Naturmangfoldlova

§ 48 1. ledd set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet

Formålet med vern av nasjonalparken er «- - - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi
- - - -
- - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Alle dispensasjonar skal også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlovas §§ 8-12.

Presedens

I saker der det er opna for bruk av større båtmotor på Gjende, er det knytt til næringsverksemd, redningsteneste og forskning. Det er ingen saker knytt til privat bruk.

Vurdering

Det er i verneforskrifta lagt opp til at det skal kunne nyttast båt på Gjende i samband med storviljakt, og hovudregel må vera at alle som nyttar seg av ordninga med bruk av motorbåt innrettar seg etter reglane for motorstorleik og fart, slik det er fastsett.

Verneforskrifta vart revidert etter ei omfattande høyring, og forskrifta av 14.11.14 opnar for motor inntil 10 hk og maksimal fart 8 knop på Gjende. I den gamle verneforskrifta frå 1980 var motorstorleiken avgrensa til 6 hk. Betre tryggleik for dei som ferdast på Gjende var grunngevinga for å endre den gamle forskrifta på dette punktet. Det synest å ha fungert tilfredsstillande med motor inntil 10 hk, da ein ikkje har registrert misnøye eller fått søknader om unntak for motorstorleik på dei åra som har gått etter at ein fekk lagt inn 10 hk som standard når det gjeld utøving av fiske og storviltjakt. Tidlegare vart det og jakta elg ved Gjendebu, og når elgjebrane greidde seg innan gjeldande regelverk må ein leggje til grunn at det er tilstrekkeleg også for jakt på hjort.

I søknaden blir det også vist til behov for båtbruk for å koma seg til vanskeleg tilgjengelege område i jaktfeltet. Det er uansett heilt uaktuelt å opne for andre transportmoglegheiter enn det som ligg inne i forskrifta pkt. g) om å kunne nytte båt med inntil 10 hk for dette formålet – jf. føringar i forvaltningsplan om dispensasjonspraksis som understrekar at «transport av personar i verneområda er forbode» og at «Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve».

Behovet for transport av utstyr i samband med jaktstart og jaktslutt er vurdert som eit eige spørsmål. Ein forstår at det hadde vore enklare for jaktlaget å frakte inn utstyr og medlemmer av jaktlaget i ein større båt, men dersom ein først opnar for å bruke større båt vil ein risikere fleire tilsvarande søknader seinare. Dette vil skape uheldig presedens – noko som vil bety ei utholing av verneforskriftas § 3 pkt. 6.2. Det er ingen eigen dispensasjonsheimel for større motor, og det betyr at dette ikkje kan vurderast anna enn i heilt spesielle høve. Det er mange som utøver fiske på Gjende innan gjeldande reglar, og storviltjebrane ved Gjende har i alle år innretta seg innan gjeldande rammer. Det er altså ingen spesiell situasjon nettopp for dette eine jaktlaget som har søkt nå. Det er såleis ikkje grunnlag for å bruke den generelle dispensasjonsheimelen i nml § 48 i dette tilfellet, da denne ikkje kan brukast for å utvide rammene gitt i vernevedtaket.

Ved jaktstart går framleis Gjendebåten i rute, og det er mogleg å sende utstyr og folk med rutebåten.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8): Transporten skjer på ein innsjø med ein god del annan båttrafikk, kvar enkelt tur rører ikkje direkte ved naturmangfaldet. Men for allemnta sin bruk av området vil det vera uheldig med stadig større båtar. *Føre-var prinsippet* (§ 9) og *Økosystemtilnærming og samla belastning* (§ 10) tilseier at det ikkje bør opnast for større motor enn det som inngår i forskrifta, da det vil skape uheldig presedens om ein først opnar for denne typen unntak. Vilkår for å dispensere i medhald av nml § 48 synest ikkje å vera til stades, da det må reknast med at fleire vil forvente same behandling om ein først opnar for større båtmotorar på Gjende i samband med utøving av jakt eller fiske.

Konklusjon:

Det er ikkje ønskjeleg å opne for ein praksis der privatpersonar får bruke større motor enn det forskrifta opnar for. Fiske og storviltjakt er fritidsaktivitetar der forskrifta opnar for å kunne nytte båt med motor inntil 10 hk, utan å måtte innhente dispensasjon. Dersom ein først gjer unntak frå denne regelen, må det vera knytt til eit særleg behov. Ein kan ikkje sjå at det er eit særleg behov knytt til nettopp dette tilfellet. Frakt av utstyr ut, etter at Gjendebåten har slutta å gå, kunne kanskje vore rekna som eit særleg behov, men også dette har vorte løyst av tidlegare jaktlag innan gjeldande rammer. Dersom ein først startar å gjera unntak for større båtar, må ein rekne med mange liknande søknader seinare, dersom det er andre som finn det praktisk og tryggare med større båtmotor enn det som ligg inne i forskrifta.

Dette vil skape uheldig presedens, som over tid vil medføre ei utholing av verneforskrifta.

ST 27/2020 Eventuelt